



Uskedalen skule hadde ikveld sin årlege julefest og ikveld gjekk turen til Dønhaug og låven der, Vi starta med å samlast ved Auto88 der Fau arrangerte fakkeltog for born og foreldre. På låven hadde Fau dekkja opp med kjeks, saft og kaffi og drøsen gjekk lett ei lita stund før pogrammet starta.



Det starta med 5 korpsaspirantar: Oliver, Ella, Celine, William og Nils Rainer, som spelte Bjelleklang.

6. klassen var dei neste på scenen og dei song og dansa til 'Støveldance'.

Deretter var det 1. og 2. klasse sin tur og dei varta opp med 2 sanger av Prøysen, 'Romjulsdøm' og 'Du og jeg og dompappen'.

5. klasse kom så med 'Venn-songen', som handlar om korleis vi tek vare på kvarandre,

Så var det 3. klassen sin tur med 'Musevisa' før 4. klassen song 'No har vi vaska golvet'. Som avslutning las 7. klassen juleevangeliet.

Alle elevane gjorde ein framifrå jobb og gav alle frammøtte ei kjekk førjulsstund. Ein ekstra takk til Stine og Emilie som leia programmet med ei stødig hand og til elevane i 6. klasse som var smånissar.

Før vi gjekk heim avslutta vi med gong rundt juletreet. Kristian Bringedal leia denne og vi fekk ein fin avslutning på kvelden.

På bileta over er 5. og 7. klasse igang med programinnslaga sine.

Tekst: Odd Steinar Arnesen

Foto: Tor Edward Taranger